

Innlegg av Fredric Holen Bjørdal (A) i Stortingets behandling av stortingsmeldingen «Frihet og likeverd», om politikken overfor mennesker med utviklingshemning.

Fra Stortingsbehandlingen den 25. februar 2014

Stortingsmeldinga Frihet og likeverd om mennesker med utviklingshemming er den første i sitt slag. For første gong, 20 år etter at ansvarsreforma blei gjennomført, fremja ei regjering ei melding som gjer greie for arbeidet med å betre levekåra for menneske med utviklingshemming.



Stortingsrepresentant Fredric Holen Bjørdal (A)

Meldinga vart fremja av Stoltenberg-regjeringa i fjor sommar og vart ikkje trekt av Solberg-regjeringa.

Eg er veldig glad for at det stort sett er ei samråystes komitéinnstilling vi behandlar i dag. Innstillinga viser at det i hovudsak er tverrpolitisk semje på dette viktige området, sjølv om vi ikkje vart einig på alle punkt.

Stortingsmeldinga vart møtt med kritikk for at ho er for lite konkret med tanke på verkemiddel og tiltak, sjølv om ho er god på situasjonsskildring, tilstandsskildring og fakta.

Dei funksjonshemma sine organisasjonar har vore opptekne av at meldinga ikkje var konkret nok når det gjaldt tiltak, og dei ønskte at det skulle setjast ned eit offentleg utval. Det er difor bra at det vart semje i komiteen om å be regjeringa setje ned eit breitt samansett offentleg utval, som skal føreslå eigna og konkrete tiltak som styrkjer personar med utviklingshemming sine grunnleggjande rettar til autonomi, privatliv, familieliv og samfunnsdeltaking.

Eg vil leggje til at dette offentlege utvalet, som truleg skal jobbe eitt år eller to, ikkje må bli ei sovepute for regjeringa. Den treng ikkje vente med å leggje fram forslag til tiltak og verkemiddel som kan betre situasjonen til dei utviklingshemma. Det er mange gode fleirtalsmerknader i innstillinga, som regjeringa med ein gong kan ta tak i og realisere.

Rettane til menneske med nedsett funksjonsevne er vesentleg styrkt, både i Noreg og internasjonalt, dei siste 20 åra.

Samtidig viser denne gjennomgangen av status at det framleis er ein veg å gå før alle menneske

med utviklingshemming oppnår reell likestilling, likeverd, medverknad og deltaking.

Menneske med utviklingshemming, med ulike interesser og ulike behov, har dei same rettane som alle andre. Frå politisk hald jobbar vi for at menneske med utviklingshemming skal anerkjennast som likeverdige samfunnsborgarar. Dessverre blir framleis nokre menneske med utviklingshemming utsette for diskriminering, trakassering og overgrep. Det må vi kjempe imot.

I dag bur dei fleste barn med utviklingshemming heime hos familien. Dei går i vanleg skule, og dei deltek i fritidsaktivitetar på lik linje med andre barn. Vaksne med utviklingshemming har betre buforhold enn før ansvarsreforma. Dei deltek i dagaktivitetar i lokalmiljøet, har langt betre helse og lever lenger enn for få år sidan. Mykje er endra i positiv retning, men som samfunn er vi ikkje i mål.

Derfor vil vi sikre betre kvalitet i opplæringa og i utdanninga. Vi vil styrke moglegheitene for utviklingshemma til å delta i arbeid og få gode helse- og omsorgstenester. For å oppnå det trengjer vi meir kunnskap, høgare kompetanse, tettare samarbeid og betre styringssystem som sørger for at vedteken politikk blir verkeleg.

Kompetanseheving i pleie- og omsorgssektoren er eitt av nøkkelorda, og her blir det synda. I fleire år har eg sjølv vore ein av dei som blir henta inn, meir eller mindre frå gata, for å utføre desse viktige omsorgs- og habiliteringstenestene. Det er ei av dei mest givande og takknemlege oppgåvene ein kan ha her i verda å bidra til betre livskvalitet for menneske med utviklingshemming. Men det er ikkje godt nok når så mange av tenestene blir utførte av ufaglærte ringevikarar i null prosent stilling – utan fullgod opplæring – og når miljøterapeutane og vernepleiarane ofte kan vere nesten fråverande. Då risikerer ein at tenestene blir reduserte til oppbevaring og dekking av basalbehov, og at rettssikkerheita blir utfordra. Det er ikkje godt nok. Bemannninga må opp, og talet på faglærte må aukast. Fleire ufaglærte må få moglegheita til å ta fagbrev og utdanning, og regjeringa må sjå på korleis ein kan rekruttere fleire til viktige profesjonar som vernepleie.

Dette handlar også om kommuneøkonomi. Vi bur alle i ein kommune. Vi nyt alle godt av eit velutbygd kommunalt velferdssystem. Menneske med utviklingshemming er i større grad enn andre prisgjevne kvaliteten på det offentlege tenestetilbodet for å kunne leve gode og verdige liv. Viss bufellesskap blir slått saman på grunn av därleg kommuneøkonomi, skulane har for lite ressursar eller omsorgstenestene er prega av underbemannning og vikarar, kan det gå utover livskvaliteten. Det er derfor viktig at regjeringa følgjer opp den styrkinga av kommuneøkonomien som den raud-grøne regjeringa gjennomførte, og ikkje begynner å kutte her, slik den førre borgerlege regjeringa gjorde. Eg har heller ikkje noka tru på at konkurranseutsetjing, svekking av arbeidsmiljølova og meir mellombelse tilsetjingar vil føre til betre tenester for menneske med utviklingshemming.

Ein føresetnad for eit inkluderande samfunn med likeverdige tenester er å sikre at alle kan delta og bli hørde. Berre slik kan vi finne fram til dei gode løysingane. Vi ønskjer å auke bevissttheita. Vi ønskjer å skape debatt om situasjonen for menneske med utviklingshemming. Korleis medverknad og rettssikkerheit blir tekne vare på for personar med utviklingshemming, er blant dei spørsmål som vi må stille oss. Mitt håp er at det utvalet som regjeringa no må setje ned, skal finne svar på desse og andre spørsmål og kome tilbake til Stortinget med forslag til gode tiltak og verkemiddel.

Hele stortingsdebatten er gjengitt [her](#).